

LIKVIDITETSBUDSJETT

Kor store innbetalningar og utbetalningar er det pr. måned på driftskontoen og privat?
Er det periodar i året det er spesielt viktig å ha oversikt over pengestraumen?
Har du likviditet til å handtere store utbetalningar – når det er nødvendig?

I likviditetsbudsjettet vil du få oversikt pr. måned over kva innbetalningar og utbetalningar du kan forventa, dersom produksjonen går som planlagt.

Føremål

Ved bruk av likviditetsbudsjett skal du :

- Få oversikt over kor store innbetalningar og utbetalningar du vil få frå landbruk, anna næring og eventuelt privat pr. måned
- Kunne planlegge og styre likviditeten slik at betalingsproblem kan unngåast

Kva er eit likviditetsbudsjett?

Likviditetsbudsjettet vil vise alle forventa innbetalningar og utbetalningar for landbruk, anna næring og privat gjennom eit år. Budsjettet skal altså vise kor tid pengar går inn og ut av konto.

Likviditetsbudsjettet vert i utgangspunktet laga med 1-månads intervall. Det kan også lagast for andre intervall dersom ynskjeleg.

	Jan	Feb	Mar
Driftskreditt start mnd	150	-208	260
+ Innbetalningar drift inkl.mva	200	781	781
- Utbetalningar drift inkl.mva	-550	-396	-396
+/- MVA	0	100	-700
- Netto finanskostnad	0	-8	-8
+/-Korreksjon betalingstidspkt			
+ Lån opptak i året		0	
- Privat uttak	-15	-15	-15
+ Privat innskott			
- Forskotsskatt			-30
+/- Skatt tilbake/restskatt			
- Avdrag lån (frå budsjett)	7	7	7
= Driftskreditt slutt mnd	-208	260	-101

Likviditetsbudsjettet er basert på at det vert laga eit 1-årig budsjett for produksjonen på garden. Dette fordi inntekter og utgifter gjennom året er grunnlaget for eit likviditetsbudsjett.

Korleis utarbeidar me eit likviditetsbudsjett?

Det må altså fyrst lagast eit 1-årig budsjett som viser inntektene frå produksjonane på garden og anna næring, og utgifter til innkjøpte varer og tenester.

Vidare vert moms, renter og avdrag lagt inn i budsjettet på dei tidspunkta desse skal betalast.

Eit likviditetsbudsjett bør også vise korleis private inn- og utbetalingane er fordelt gjennom året fordi garden sin produksjonsøkonomi er så tett samanvoven med privatøkonomien.

	Jan	Feb	Mar
Saldo private konto start mnd	156	169	175
+ Lønn netto utbetalt	29	29	29
+ Barnetrygd	11	11	11
- Private utgifter	-23	-30	-30
- Private lån renter/avdrag	-4	-4	-4
+/- Skatt tilbake/restskatt			
=Saldo private konto slutt mnd	169	175	181

Kva krev dette av deg?

- Du må sette av tid til å vera med og lage eit 1-årig budsjett. Kanskje må du få fagrådgevar til å lage ein oversikt over korleis produksjonen vert neste år – levert kg mjølk, slakt osv. til kva tid på året.

- Skal likviditetsbudsjettet også omfatte privat-økonomien må denne informasjonen framskaffast. Dette inkluderer opplysningar om private utbetalningar pr. måned, netto løn og private lån.

Kva kostnad har eit likviditetsbudsjett?

Likviditetsbudsjettet vert laga på timebetaling.

Isolert sett vil eit likviditetsbudsjett koste mellom kr. 1.500-3.000 for dei aller fleste.

Utarbeiding av eit likviditetsbudsjett bygger på at det er laga eit 1-årig budsjett med pris*mengde som grunnlag. Dette budsjettet vil for dei fleste koste mellom kr. 2.-4.000.

1-årig budsjett pris * mengde			Likviditetsbudsjett		
				Jan	Feb
Budsjett		Jan-Feb			
		Mengde			
		Pris			
3070	Mjølksalg	100 000			
3041	Slakt ku	3			
3041	Slakt okse	4			
3041	Slakt kvige	-			
Rekneskap		Mengde			
		Pris			
3070	Mjølksalg	92 432			
3041	Slakt ku	4			
3041	Slakt okse	6			
3041	Slakt kvige	1			

Driftskreditt start mnd	-200	-543
+ Innbetalningar drift inkl.mva	234	425
- Utbetalningar drift inkl.mva	-341	-357
+/- MVA	0	-700
- Privat uttak		
- Forskotsskatt		
- Avdrag lån (frå budsjett)	7	7
= Driftskreditt slutt mnd	-300	-1 169

Har du fått laga eit 1-årig budsjett har du eit glimrande styringsverktøy for økonomien på garden, og vil kunne få god trygghet for om økonomien utviklar seg som planlagt. Du kan då samanlikne budsjettet mot rekneskapet løpande gjennom året. Det vil difor vera svært interessant å få slik rapportering kvar 2. eller 4. måned.

Eit 1-årig budsjett inkludert rapportering vil normalt koste mellom kr. 6.000 – 12.000 for dei fleste.

Klepp Rekneskapslag SA

Postvegen 209
4353 KLEPP ST.

Telefon: 5178 6990
Telefax: 5178 6991

e-post: klepp@grl.no
www.kleppgrl.no
Org.nr. 971 557 397
Bankkonto: 3290.05.90228